

Kontrollutval – rådmann - revisor

Korleis samarbeider vi?



Innleiing

- SEKOM-sekretariat yter tenester for 15 kommunale kontrollutval.
- Det er sjølvsagt ein del ulikskapar i korleis ein jobbar i alle desse kommunane.
- Eg har prøvd å oppsummere ein del fellestrekk.



Forventningsavklaring

- I eit av dei første kontrollutvalsmøta etter valet, vart rådmann og ordførar kalla inn til å drøfte forventningsavklaring
 - Dette gjaldt både forventningar frå kontrollutval til rådmann og ordførar men også omvendt.
- Sekretariatet hadde laga ei enkel utgreiing med nokre spørsmål.... (På dei neste bileta har eg klipt frå utgreiinga)



Ordføraren si deltaking i KU-møta

- **Er det realistisk at ordførar deltek på nokre kontrollutvalsmøte i løpet av perioden?**
 - Ein slik dialog kan vere med på å gi utvalet betre bakgrunn for å prioritere kva område dei vil arbeide meir med.
 - Det kan også gi politisk leiing litt innsikt i det løpande arbeidet i kontrollutvalet.
 - Det kan til dømes vere at ordførar har høve til å delta under skriv og meldingar i starten av møtet, slik at ein har høve til å drøfte og få informasjon om aktuelle saker og saksfelt (også saker som ikkje står på saklista).
- ***Ein del av ordførarane deltek på deler av møta. Dei fleste gjer det ikkje.***



Rådmannen si deltaking i KU-møta

- **Vi reknar med at rådmannen møter etter innkalling. Det kan likevel vere nokre praktiske ting ein bør drøfte.**
 - Sekretariatet ser føre seg at det i ein del høve er nyttig om andre møter på vegner av rådmannen eller saman med rådmannen. Dette kan gi utvalet høve til meir detaljert informasjon i sakene.
 - Kva praksis ser rådmannen føre seg?
 - Kva synest kontrollutvalet om at andre møter på rådmannen sine vegner?
 - Kor ofte og omfattande informasjonar frå rådmannen er det naturleg at kontrollutvalet legg opp til? På den eine sida, møter rådmannen når utvalet kallar inn, på den andre sida kan det vere at også kontrollutvalet bør prioritere mellom sakene.
- ***Vi har ein god dialog med alle rådmenne og opplever at dei prioriterer møta i kontrollutvalet høgt!***
- ***Saklistene vert sett opp slik at rådmannen kan delta frå starten av møta.***



Saker frå kontrollutvalet til kommunestyret

- **Handsaming av saker frå kontrollutvalet**
 - Kan saker frå kontrollutvalet stå først på saklista i kommunestyret? (Den/dei som møter frå kontrollutvalet kan elles måtte vente lenge på «si sak»).
 - Rekneskapssaka vert handsama via formannskapet. Kontrollutvalet sin uttale skal ligge ved både i formannskapet og kommunestyret.
 - Andre saker som t.d. forvaltningsrevisjon og andre rapportar: Sakene går direkte til kommunestyret.
- ***Vi merkar oversending av formelle saker med “Sak til kommunestyret”.***



Innleiing i kommunestyret?

- **Er det naturleg at kontrollutvalsleiar eller andre frå utvalet gir ei kort innleiing i sakene som kjem frå kontrollutvalet?**
 - Sekretariatet meiner dette både gir god informasjon til kommunestyret og er med på å synleggjere kontrollutvalet.
- **Innleiing i kommunestyret i saka om plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll**



Revisor

- Minst ein frå revisor er til stades i kvart kontrollutvalsmøte.
- Revisor er også ein nyttig «kunnskapsbank» om kommunen, lover, reglar osv
- Revisor vert innkalla i aktuelle saker, men har møterett i heile møtet.
- Sekretariatet har også mykje samarbeid med revisor utanom dei formelle møta!



«Finne ut meir om ei sak..»

- Når kontrollutvalet ønskjer meir kunnskap om saker..
 - Be rådmannen om å informere
 - Be revisor om å undersøke og levere rapport
 - Be sekretariatet hente inn aktuelle dokument
- Sekretariatet utfører ikkje undersøkingar eller revisjonsliknande arbeid. Då følgjer vi «bestillar-utførarmodellen» og nyttar revisor.
 - Men sekretariatet har eit sjølvstendig ansvar for å sikre at sakene er godt nok utgreidde.



Uttale frå KU til kommunestyret

- Sekretariatet legg vekt på at det er god dokumentasjon når kontrollutvalet uttalar seg til kommunestyret
 - Oftast er dette ein rapport eller eit notat frå revisor.
- Rådmannen skal få høve til å uttale seg før handsaming i kontrollutvalet.
 - Dette er også eit lovkrav
 - Sidan saka går direkte frå KU til kommunestyret, er det viktig at rådmannen sine innspel er med



Saksinformasjon frå kommunane

- Sekretariatet nyttar kommunane sine nettsider til å hente ut t.d. kommunestyrevedtak og andre dokument
- Det same gjeld ofte tilsynsrapportar frå Fylkesmannen.
 - Det er mykje kjappare å hente ut dokument frå ein av våre 15 eigarkommunar enn frå statlege organ



Gjensidig respekt for roller

- Både rådmann og revisor er svært viktige kjelder for kontrollutvalet sitt arbeid!
- Vi opplever at kontrollutvala «våre» har eit godt samarbeid med rådmann og revisor.
- Samarbeidet bygger på gjensidig respekt for roller.
 - Som sekretær, ser eg sjeldan at rådmann eller revisor prøver å «overstyre» kontrollutvalet!

